



Bergen og Omland Havnevesen
Postb 6040

5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7628 - 15/23869

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
29.06.2015

Prinsippvedtak om oppløysing av Bergen og Omland havnevesen

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
069/15	Kommunestyret	PS	18.06.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7628

Prinsippvedtak om oppløysing av Bergen og Omland hamnevesen (BOH)

Vedlegg:

Prinsippvedtak om oppløysing av Bergen og Omland havnevesen

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune vedtar at Bergen og Omland hamnevesen (BOH) blir oppløyst
2. Lindås kommune ønskjer ikkje å vidareføre si hamneverksemd i Bergen Hamn IKS (BH IKS)
3. Lindås kommune vil gjere krav på proveny ved oppløysing av BOH, og vil gjennomføre ein eigen oppgjersprosess knytt til dette.

Kommunestyret - 069/15

KO - behandling:

Ass.rådmann Hogne Haugsdal orienterte til saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune vedtar at Bergen og Omland hamnevesen (BOH) blir oppløyst
2. Lindås kommune ønskjer ikkje å vidareføre si hamneverksemd i Bergen Hamn IKS (BH IKS)
3. Lindås kommune vil gjere krav på proveny ved oppløysing av BOH, og vil gjennomføre ein eigen oppgjersprosess knytt til dette.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

1. Bakgrunn for saka:

I januar 2015 sendte Bergen og Omland Havnevesen (BOH) ut brev til alle deltakarkommunane i BOH, underskrive av styreleiar Øistein Christoffersen. Brevet omhandlar hamnerådet sitt prinsippvedtak av 5. januar 2015 om oppløysing av BOH. Vedtaket frå hamnerådet er eit ledd i prosessen med å etablere eit nytt regionalt

hamneselskap, Bergen Havn IKS. Hamnerådet sitt vedtak 5. januar har følgjande ordlyd:

1. *Bergen og omland havnevesen (BOH) oppløses. Vedtaket om oppløsning er betinget av følgende forutsetninger:*
 - a. *Minst 2/3 av medlemskommunene i BOH har besluttet at det ikke skal fremmes et krav om oppløsningsproveny utover den andel de respektive kommuner vil videreføre i BH IKS.*
 - b. *Bergen kommune erklærer at det foreligger en avklaring som kommunen kan akseptere på forholdet mellom havnekassen og kommunen øvrige eiendeler (Bykassen)*
 - c. *Det foreligger et utkast til stiftelsesdokumenter for BH IKS.*
 - d. *Havnerådet treffer ubetinget vedtak om oppløsning.*
 - e. *Havnerådet forutsetter at de ansatte tas med i den videre prosess.*
2. *Bergen kommune anmodes om raskt å igangsette nødvendige avklaringer om havnekapitalen med statlige myndigheter*
3. *Prinsippvedtaket om oppløsning forelegges samtlige medlemskommuner i BOH*
4. *Når vilkårene i prinsippvedtaket om oppløsning er oppfylt, vil Havnerådet vurdere forslag om å vedta en ubetinget oppløsning av BOH med virkning fra 1. januar 2016*

Havnerådet forutsetter at Bergen kommune snarest innkaller til et eiermøte for å avklare betingelser for etablering av Bergen Havn IKS. Havnerådet inviteres også til dette møtet.

I samsvar med punkt 3 i dette vedtaket skal sak om prinsippvedtak opp i alle deltakerkommunane.

2. Historikk:

Lindås kommune har vore med i BOH sidan 1990 saman med 10 andre kommunar. I 2009/2010 blei det starta ein prosess med å omdanne selskapet, for å tilpasse seg den nye havne- og farvannslova (hamnelova). Eit viktig mål for prosessen har vore å ha med alle deltakarkommunane inn i eit nytt hamneselskap, og det blei lagt opp til å etablere eit interkommunalt selskap (IKS). Prosessen med selskapsetablering har i stor grad vore styrt av BOH og Bergen kommune, og i tida fram til 2013 var det fleire ulike forslag til korleis eit nytt selskap skulle byggjast opp. I denne perioden blei det ein tettare kontakt mellom Lindås og Fjell, begge kommunane var ved fleire høve kritiske til dei premissane som blei løfta fram i etableringsprosessen. Basert på dette etablerte desse to kommunane eit tettare samarbeid frå hausten 2012, og har jobba saman både på politisk og administrativt nivå. I tillegg har kommunane knytt til seg ekstern kompetanse innanfor juridiske og hamnefaglege problemstillingar.

30.05.2013 blei alle deltakarkommunane kalla inn til eit ordførarmøte/eigarmøte i Bergen kommune, kor premissane for det nye BH IKS blei lagt fram. Kommunane fekk ei veke på å «akseptere» desse premissane, Lindås og Fjell støtta ikkje dette. I hovudtrekk gjekk premissane ut på følgjande:

- Alle deltakarkommunar blir invitert med som eigarar i nytt selskap
- Selskapet får inntil kr 1 mrd i eigenkapital
- Bergen kommune overtar det meste av alle eigedomar og bygg som er tilknytt BOH.
- Bygg og eigedomar som det nye selskapet ikkje eig, men som ein ønskjer å nytte til hamneføremål, må leigast frå Bergen kommune.
- Eigedomar og bygg som ikkje skal nyttast til hamneføremål, kan Bergen kommune fritt disponere til andre føremål (bustad, næring)
- Bergen kommune vert majoritetseigar i selskapet med 70% av røystene. Dei andre 10 kommunane får 3% kvar.

Desse premissane blei også lagt til grunn for vedtak i hamnestyret 2. september 2013. Både Lindås og Fjell var usamde med desse premissane, og 19.12.2013 gjorde begge kommunestyra vedtak om at kommunane ikkje ønskja å vere med på eit nytt hamnesamarbeid basert på dei premissane. I tillegg gjorde begge kommunar vedtak om å sjå på muligheita for å etablere eit nytt felles hamneselskap, også med muligheit for deltaking med andre kommunar.

I etterkant av vedtaka i desember 2013 har Lindås og Fjell jobba vidare med å etablere eit nytt hamneselskap. I tillegg har det vore kontakt med BOH og Bergen kommune, for å sjekke ut om det kunne vere opning for å endre på desse premissane. I heile 2014 har Lindås og Fjell venta på eit endeleg saksgrunnlag frå BOH for etableringa av eit nytt BH IKS, men dette har ikkje kome. I november 2014 blei vedtaket frå september 2013 oppheva, dette var for å skilje tydelegare mellom oppløysing av BOH og etablering BH IKS. BOH skal sjølv styre oppløysing av selskapet, det er andre organar utanfor BOH som må leggje grunnlaget for nytt selskap. Dette gav ei viss tru på at ein kanskje kunne gjere ei ny vurdering av premissane for BH IKS. Men i vedtaket frå hamnerådet 5. januar er premissane for BH IKS i samsvar med dei som Lindås og Fjell ikkje kunne akseptere i desember 2013.

Oppløysing og økonomisk oppgjør (proveny)

Prinsippvedtaket frå hamnerådet 5. januar omhandlar i hovudsak oppløysing av BOH, og det er vedtektene til BOH §15 som seier kva som skjer ved ei oppløysing. Vedtektene § 15 andre ledd lyder slik:

«Ved oppløsning får hver kommune tilbake disposisjonsretten til de anlegg og installasjoner som er beliggende i egen kommune. Dersom eiendomsretten til slike kommuner er delt mellom flere kommuner, jfr. §7, 2. ledd, skal den kommune hvori anlegget befinner seg, ha rett til å overta hele anlegget mot full økonomisk kompensasjon til den eller de kommuner som er medeiere i sameiet»

Då BOH blei oppretta blei ikkje eigedomsretten til eigedomar og hamneanlegg overført frå kommunane til BOH. Eigedomsretten blei igjen i kommunane, medan BOH fekk rett til å bruke, forvalte og drifte eigedomane. Ved ei oppløysing skal denne disposisjonsretten tilbake til eigarkommune. Vedtektene seier også noko om kva som skal skje med nye eigedomar/anlegg som blir bygd ut, og investeringar utanfor Bergen blir regulert i vedtektene §7 første ledd. Den seier at: *«Garantiansvar for kapital- og driftsutgifter ved anlegg i omegnskommunene fordeles som hovedregel med 50% på vertskommunen og 50% på Bergen kommune – eller etter en annen fordelingsnøkkel som de to kommunene blir enige om»*

Eigarforholdet for dei aktuelle anlegga skal vere eit sameige kor kvar av dei to kommunane eig sin ideelle del i samsvar med den bestemte fordelinga. Det er to hamneanlegg som er bygd ut utanfor Bergen, Mongstad kai (NOK 37 mill) og Austrheim (NOK 3 mill). Mongstad kai ligg i Lindås og modellen i §7 blei ikkje brukt som grunnlag for investeringa. Ved ei oppløysing av BOH skal alle verdiar som er opparbeida i selskapet inngå i eit oppløysingsproveny (økonomisk oppgjør). I vedtaket frå hamnerådet ligg det ein føresetnad for ei oppløysing av BOH, at minst 2/3 av medlemskommunane i BOH ikkje vil gjere krav på eit oppløysingsproveny utover den del dei tek med inn i eit nytt selskap BH IKS.

Vurdering:

I brevet frå BOH 19.02.15, underskrive av styreleiar Øistein Christoffersen, blir kommunane

bedt om å ta stilling til to hovudproblemstillingar:

1. At kommunestyret ønskjer å delta i det nye selskapet Bergen havn IKS (BH IKS) på dei premissane som er skissert i brevet. (Dette er i samsvar med premissane som hamnestyret vedtok i september 2013)
2. At kommunestyret samtykker til at kommunen ikkje vil gjere krav på anna proveny/oppgjjer ved oppløysing av BOH enn det som vidareførast i BH IKS.

Når det gjeld punkt 1, har Lindås eit gjeldande kommunestyrevedtak frå 19.12.13 om at ein ikkje ønskjer å vere med i eit nytt hamnesamarbeid basert på premissane frå vedtaket i hamnestyret 2013. Sjølv om dette vedtaket blei oppheva i november 2014, ligg dei same premissane til grunn for hamnerådet sitt vedtak frå 5. januar 2015. Med dette som utgangspunkt, er det ikkje grunnlag for at Lindås vidarefører si hamneverksemd i Bergen Hamn IKS. Det blir derfor bli lagt fram ei eiga sak om etablering av eit nytt felles hamneselskap mellom Lindås og Fjell.

Til punkt 2; det er BOH sine vedtekter som regulerer korleis oppløysingsprosedyren/oppgjersprosessen skal vere. Vedtektene seier også noko om fordeling av eigedomar og verdiar. Mellom anna må det avklarast kva som skjer med BOH sin kai på Mongstad. I vedtektene står det at BOH har disposisjonsrett til hamneeigedomane i kommunen, men at eigedomsretten ligg igjen i den enkelte kommune. Dersom Lindås ikkje ønskjer å vidareføre si hamneverksemd i Bergen Hamn IKS, vil kommunen gjennomføre ein eigen prosess knytt til det økonomiske oppgjjeret/krav til proveny ved oppløysing av BOH. Dette blir også presisert i brevet frå BOH: «Medlemskommunar som ikkje treff prinsippvedtak om å delta i BH IKS, må ta stilling til kva for krav kommunen vil gjere gjeldande i forhold til provenyet ved oppløysing av BOH.»

Korleis oppgjersprosessen vil påverke prosessen med etablering av nytt hamneselskap, er for tidleg å seie. Det er mange juridiske og økonomiske problemstillingar knytt til oppgjersprosessen, både når det gjeld det faktiske innhaldet i oppgjjeret ved oppløysing av BOH og på sjølve prosessen. Det er mulig at det økonomiske fordelingsspørsmålet kan forsinke prosessen med å etablere eit nytt hamneselskap for Lindås og Fjell, men då må ein sjå på muligheita for å tre ut av BOH utan å vente på ei endeleg oppløysing av samarbeidet.

Det må også avklarast kva verdiar som er opparbeidde i BOH og korleis desse bør fordelast på «utgåande» kommunar ved oppløysing. Dette seier ikkje vedtektene noko om, men det kan vera tale om vesentlege verdiar. I si utgreiing av 16.09.2014 om oppløysing av BOH skriv t.d. advokatfirmaet Wikborg/Rein til styreleiaren at verdiar opparbeidd av anløpsavgiftar vil på visse vilkår kunna inngå i oppløysingsprovenyet. Dette er krevjande problemstillingar som må løysast i ein eigen prosess.